



Innspel til områdevurdering og skulestrukturalternativ

Innhald

1.	Innkomne merknader og vurdering av dei	3
1.1	Elevrådet ved Brandsøy skule og barnehage	3
1.2	Elevrådet ved Raudeberg skule	3
1.3	Elevrådet ved Torvmyrane skule	3
1.4	Elevrådet ved Florø barneskole	3
1.5	FAU Raudeberg skule	4
1.6	FAU Krokane barnehage	5
1.7	FAU ved Krokane skule	6
1.8	FAU Florø barneskole	7
1.9	FAU Brandsøy skule og barnehage	7
1.10	FAU Torvmyrane skule og barnehage	8
1.11	Skarevik barnehage SA	9
1.12	Styret i Skarevik barnehage	9
1.13	Utdanningsforbundet i Kinn	11
1.14	ATO (arbeidstakarorganisasjonane)	12
1.15	AMU (arbeidsmiljøutvalet)	12
1.16	Folkehelseavdelinga	12
1.17	Kvalheim grendelag	12
1.18	Norrdalsfjord Grendelag	13
1.19	Norrdalsfjord Grendelag	13
1.20	Arild Grov	14
1.21	Skaredammen Idrettspark SA	14
1.22	Skaredammen Idrettspark SA	14
1.23	Helén Itland	15
1.24	Rita Lothe Mobakken	15
1.25	Svein Sandvik	15
1.26	Mari Halsør	15
1.27	Knut Robert Knutsen	16
1.28	May Linn Espeseth	17
1.29	Marianne Wiik Myklebust	18
1.30	Foreldre og innbyggjarar på Torvmyrane v/Reidun Merethe Rasmussen og Elise Midtbø	19
1.31	Ungdommens kommunestyre	19
1.32	Innspel frå elevrådet ved Krokane skule	20


1. Innkomne merknader og vurdering av dei

1	1.1 Elevrådet ved Brandsøy skule og barnehage 04.06.25	▪ Skulen er fin og ny ▪ Uteområdet er bra, med akebakkar, ballbinge og klatrestativ ▪ Gymsalen er fin og vi har scene ▪ Skulen er litt lite slik at alle kjenner kvarandre og dei vaksne ▪ Her er elevar frå tidlegare Solheim skule og det er dumt om endå ein skule som dei går på skal bli lagt ned ▪ Skulen ligg slik til at mange kan gå eller sykle	Merknaden vert teken til vitande og er i tråd med vurderingar i vedlagt Grunnlaget for områdeplanlegging – grunnlaget for skulestrukturendringar.
2	1.2 Elevrådet ved Raudeberg skule 17.06.25	Elevane lærer best når: ▪ Det er godt samarbeid mellom elevar og lærarar ▪ Lærarane forklarar godt ▪ Dei får lære på ulike måtar ▪ Dei får vere med og påverke skulekvardagen For å trivast ønskjer dei: ▪ Inkludering ▪ Å kunne spele fotball ▪ Meir praktisk arbeid og aktivitetar Ved skulebyte er det viktig at: ▪ Dei blir godt tatt imot ▪ Dei får hjelp til å få nye vener ▪ Lærarane støttar når det er nye ting å lære	Innspelet vert teke til vitande. Ved ein eventuell overgang til ny skule er peikar elevrådet på viktige element som kommunen må vektlegge for å sikre ein god overgang.
3	1.3 Elevrådet ved Torvmyrane skule 19.06.25	Elevrådet ved Torvmyrane skule meiner dei lærer best når undervisninga er variert, kreativ og forståeleg, og når det er ro i klassen. Dei legg vekt på tryggleik, gode vener og eit godt sosialt miljø. Små klasser og snille, tydelege lærarar er viktig. For trivsel er fysisk aktivitet, praktiske oppgåver og nærleik til skulen viktig. Dei verdset arrangement som samlar heile skulen, og meiner TL (trivselsleiar) bidreg til inkludering og mobbefrie friminutt. Ved eventuell skulebyte meiner dei kommunen må sikre at elevane får gå saman med kjente, får skyss ved lang avstand, og hjelp til å få nye vener. Dei uttrykkjer uro for å miste skulen sin og ønskjer å behalde han.	Innspelet vert teke til vitande. Ved ein eventuell overgang til ny skule er peikar elevrådet på viktige element som kommunen må vektlegge for å sikre ein god overgang.
4	1.4 Elevrådet ved Florø barneskole 12.06.25	Når det gjeld kva som gjer at elevane lærer best, blei det peika på viktigheita av gode lærar som skapte gode og trygge klassemiljø. Vidare blei det peika på at ein måtte ha gode klasserom, grupperom og gode læremiddel. Spesielt blei det fremma ønskje om større gymsal. Vidare blei det spurt om kva som skal til for at elevane trivst på skulen. Her peika elevrådet på det å ha nokon å vere saman med på skulen, ha gode vener, som det viktigaste. Dei ønskte seg endå større plass	Innspelet vert teke til vitande. Ved ein eventuell overgang til ny skule er peikar elevrådet på viktige element som kommunen må vektlegge for å sikre ein god overgang. Moglegheitsstudie for Florø barneskole er i slutfase og skal leggst fram for politisk orientering i haust. Uteareal og gymsal er ein del av utgreiinga. I samband med arbeidet med handlingsdel og økonomiplan vil kommunestyret ta stilling til utvikling av skulen.

		ute, og at skulegarden hadde ulike aktivitetar å by på. Ved eit eventuelt skulebyte, ville det viktigaste for elevane vere å bli godt inkludert i miljøet på den nye skulen. Det vil og vere viktig at dei har med seg nokon dei kjende over til ny skule.	
5	1.5 FAU Raudeberg skule 18.06.25	FAU Raudeberg ønskjer å utvikle bygda med bustader, arbeidsplassar, barnehage og skule, og meiner at skulen er ein viktig del av lokalsamfunnet. Dei er kritiske til nedleggingsplanar og meiner dette fører til fråflytting og svekka omdømme. Skulen vert sett på som ein sosial møteplass som styrkar fellesskap og trivsel. FAU foreslår tiltak som bustadbygging, gratis tomter, aktivitetspark og betre infrastruktur. Dei etterlyser reell involvering i planprosessar og ber kommunen satse på vekst og utvikling i staden for nedlegging. Dei viser og til tidlegare dokumentasjon og argumentasjon som er sendt inn årleg i 2020-2024.	Både Kvalheim og Oppedal har eit jamt folketal 12 år etter at skulane vart lagt ned. Kvalheim har i åra frå 2015 –2024 hatt ei auke i aldersgruppa 6-19 år med nær 40 prosent. Vi ser tydeleg at det i perioden vert færre born i aldersgruppa 0-5 år (rekruttering inn i skulen) medan det vert færre i arbeidsfør alder og fleire som er 67 år og eldre. Holvik har sjølv med befolkningsnedgang ein auke i tal born 0-5 år. Ut frå dette kan ein stille spørsmål ved om det er skule og det å kunne gå til skulen som er avgjerande for om folk ønskjer å etablere seg i bygdene. Det er likevel viktig å fokusere på å saman utvikle bygdene og samfunnsdelen har mange mål for dette arbeidet. I samband med arbeidet med handlingsdel og økonomiplan kan kommunestyret legge inn tiltak knytt til desse måla. Samfunnsplanen har mellom anna mål og tiltak for levande og samskapande lokalsamfunn og ei satsing på byane. Bygd og by er gjensidig avhengige av kvarandre og det skal vere godt å bu alle stadar i Kinn. I kap. 1.2. Kinn mot 2032 og 2042 er det slått fast at: Levande og samskapande lokalsamfunn er fundamentet for å leve det gode livet i Kinn: Vi vil at det skal vere godt å bu, besøke og drive næring i Kinn. Byane våre skal ha urbane kvalitetar slik som handel, servering og kulturliv. Vi ønskjer eit samfunn basert på openheit og tillit, endringsvilje og mot. Vi treng derfor innbyggjarar som kjenner seg trygge, er aktive og deltakande, og eit næringsliv som er innovativt og framoverlent. Som samfunn må vi legge tilrette for dette, mellom anna gjennom å gode møteplassar, gode kollektivtilbod og gode infrastrukturløysingar. Saman skal vi skape levande og samskapande byar, nabolag og grender i heile Kinn. I innbyggjarundersøkinga svarar 9 av 10 at dei er einige i at vi må utvikle byane våre og heile 98 % av dei under 30 år er einige. Nesten 6 av 10 er einige i at vi må utvikle «10- minuttbyen. Når vi spør om byane har gode møteplassar for ein som deg svarar over halvparten i aldersgruppa 18–30 år at dei er ueinige i at det finnes gode møteplassar. 2 av 3 eldre enn 70 år er einige i at byane har gode møteplassar for dei. Det er og ei bekymring for at planen legg føringar som gjer kommunen mindre attraktiv og då spesielt for bygdene. Forsking viser at det er forhold som arbeidsmarknad og jobb for to, bustad, godt oppvekstmiljø, godt sosialt miljø og møteplassar er med på å påverke tilflytting og at ein blir verande i bygda. Dei overordna måla i samfunnsdelen fokuserer på desse viktige faktorane; arbeidsplassar, bustader, godt oppvekstmiljø, inkludering og møteplassar. Samfunnsplanen har eit hovudmål knytt til distrikt og by: Saman bygger vi levande distrikt, og levande og urbane byar. I Kap. 2.3.2 er det fokus på levande og samskapande lokalsamfunn der nabolagsatsingar er peikt på som fokusområde. Kapitlet handlar ikkje berre om utvikling av byane våre men og om utvikling av alle lokalsamfunn, anten det er ei bygd, eit bygdesentrum, ein bydel eller bykjerna. I forskinga kring nedleggingar av skular vert det lagt vekt på at motstanden mot skulenedlegging er sterk. Dette vert forklart med at den lokale skulen har eit opplevd trygt og godt læringsmiljø samstundes som skulen har ei viktig rolle i heile lokalmiljøet. Det vert lagt vekt på skulen som samlingsplass for bygda. Det er i skulen sine lokale lag og foreiningar har møter, det er her det vert arrangert sosiale tilstellingar, gymsalen vert lånt ut og 17.mai arrangerast. Slik vert skulen skildra som limet som held bygda saman. (Sjå meir i Lokalsamfunn av Mariann Villa og Marit S. Haugen) Ved ein skulenedlegging fryktar ein negative konsekvensar for lokalsamfunnet som t.d. manglande rekruttering av unge familiar samt sosiale og helsemessige konsekvensar ved lang skuleveg (Solstad; 2009,2014). NOU 2020:15 Det handler om Norge er ei utgreiing om konsekvensar av demografiutfordringar i distrikta. Rapporten slår fast at det er tre hovudutfordringar; befolkningsnedgang, aldring og spreidd busetnad. Desse tre utfordringane har ein tendens til å opptre saman. Hovudalternativet i dei nye framskrivingane til ssb viser ein stabil og liten nedgang i distriktskommunar fram mot 2040. Det er fleire årsaker til dette; Færre unge i distrikta gir lågare utflytting, det vil framleis vere ein liten andel unge som flyttar frå by til bygd, den kraftige veksten i eldre gir ei større befolkning og det vil framleis vere innvandring til distrikta. Drivkreftene for sentralisering er imidlertid så sterke at vi ikkje kan ta det for gitt at flytteåtferda held seg stabil. Drivkreftene er: • Vekst i kompetanseintensiv og tenesteytande sektor vil i stor grad framleis finne stad i byane.

			• Mange vel å busette seg sentralt. • En stadig større andel av dei unge veks opp i sentrale strøk og har avgrensa erfaring med eller familietilknyting til distriktskommunar. • Mange innvandrarakar ser ut til å velge å bu i sentrale strøk. Rapporten slår fast at utfordringane med spreidd busetting framleis vil eksistere og distrikta blir ikkje avfolka. Forventningane har i stor grad vert fokusert på stimulering til vekst framfor korleis det kan planleggast for å sikre gode tenester i område med spreidd busetnad. Det er foreslått eit program for utprøving av nye tiltak i distriktspolitikken. Det er gjort ein litteraturgjennomgang i 2015 av Norsk senter for bygdeforskning der det vert sett på samanhengen mellom skule, attraktivitet og folketalsutvikling: «Nyere flyttemotivstudier i Norge og Norden viser at flytting domineres av sosiale og miljørelaterte motiv (Lundholm 2007, Sørli mfl 2012). Grunnskole og vidaregåande skole er derimot ikkje blant de viktigste motivene for å flytte til eller bli boende et sted (Båtevik m.fl. 2013, Sørli m.fl. 2012). I forskningslitteraturen (om grunnskolen) ser det ut til å være slik at skolenedleggelse er en konsekvens av at samfunnet uttynnes, og ikke omvendt. Båtevik m.fl. sier at denne litteraturen legger for mye vekt på flyttemotiv blant folk flest, mens foreldre med skolebarn og ungdom sjelden flytter – og heller tilpasser seg situasjonen der de bor.» Det er og vist til at det er manglande støtte i forskning på kva konsekvensar ei nedlegging av ein skule vil ha å seie for utvikling av ei bygd. Andre forhold som arbeidsmarknad og jobb for to, bustad, godt oppvekstmiljø, godt sosialt miljø og møteplassar er med på å påverke tilflytting og at ein blir verande i bygda. På oppdrag frå Trøndelag fylkeskommune har Nordlandsforskning utarbeidd rapporten «Konsekvenser av skolestrukturendringer i vidaregåande skole - En kunnskapsoppsummering om skolesentralisering, reisevei, hybeltilværelse og alternative modeller for vidaregåande opplæring». I denne rapporten er det vist til forskning knytt til skulenedlegging på grunnskulenivå. To sitat frå kapittel 3.1.4 Oppsummering og kunnskapshull frå denne rapporten: «En samlet vurdering av forskningslitteraturen viser at skolesentralisering og strukturendringer har komplekse og til dels motstridende virkninger for elever, lokalsamfunn og lokale myndigheter. For elever er det dokumentert at en «forstyrrelseseffekt» kan gi kortsiktige negative utslag på skoleprestasjoner, særlig i grunnskolen og spesielt for sårbare grupper. Over tid ser imidlertid effekten ofte ut til å avta, og enkelte studier finner ingen klar nedgang i elevenes resultater eller progresjon.» For å gjere denne forstyrringa minst mogleg er det viktig å ha god tid til å planlegge og gjennomføre ein god prosess knytt til overgang til ein ev. ny skule. «For lokalsamfunn fungerer skolen (og da i hovedsak grunnskolen) ikke bare som en arena for undervisning, men også som et sosialt og kulturelt samlingspunkt. Nedleggelse eller reduksjon i tilbud kan oppleves som et tap av identitet og tilhørighet, og i flere tilfeller synes det å bidra til fraflytting eller redusert tilflytting over tid.» Nedlegging av ein skule kan redusere attraktivitet knytt til tilflytting. Det er difor viktig at vi motverkar dette ved å saman arbeide for å gjere lokalsamfunna våre attraktive. Lokal tilknyting og arbeid er dei viktigaste grunnane til flytting til distriktsregionar. Sitat frå temaheftet til distriktsenteret «Drømmen om å bli fleire»: Lokalt tilflyttingsarbeid kan bidra til å rekruttere nye innbyggere, men antallet per soner som blir rekruttert på denne måten er likevel beskjedent sammenlignet med det store antallet flyttingar til et sted.» Forskinga viser at korkje mindre klassar eller fleire lærarar gir i seg sjølv betre læring eller trivsel. Sjå nyleg publisert artikkel på forskning.no. Det er først når skulane klarer å nytte dei ekstra lærarane på ein målretta og gjennomtenkt måte at det får ein effekt. Det er eit tiltak som har vist god effekt og det er å gi undervisning i små grupper på rundt fem elevar. To store forskingsprosjekt (Two Teachers og 1+1) viser at dette er tiltak som gir effekt. Ein kan ikkje gjere meir av det same i mindre grupper men nytte høvet til å tilpasse og variere undervisninga. Det er difor viktig at skulane våre har fysisk plass til smågruppeundervisning. Forskinga på to lærarar i klasserommet fant ingen effekt, og det finn heller ikkje evalueringa av lærernormen. Det har blitt fleire lærarar, men førebels ikkje meir læring eller trivsel. Det er ikkje grunnlag i forskinga for å anbefale ein bestemt klassestorleik eller lærartettleik.
6	1.6 FAU Krokane barnehage 03.08.25	FAU ved Krokane barnehage uttrykkjer uro over konsekvensane ved ei eventuell nedlegging av Krokane skule. Dei fryktar at dette vil svekke	Kommunedirektøren viser til vurdering av innspel 4. Det er viktig at ein ved ei eventuell nedlegging har eit godt samarbeid kring ein eventuell overgang til ein ny skule, både for dei tilsette og elevane. Ved ei eventuell nedlegging av ein skule er det viktig å finne gode løysingar for etterbruken av skuleanlegget. Vedlagt saka er det

		attraktiviteten til barnehagen og skape utryggleik for barn og foreldre. Barnehagen har eit nært samarbeid med skulen, som gir barna ein trygg overgang til skulestart. FAU ber kommunen planlegge godt, sikre trygg informasjon til foreldre, og finn løysingar for bruk av skulebygget dersom det blir ståande tomt. Dei oppmodar til at ei eventuell samanslåing av skular skjer som samarbeid, ikkje som nedlegging, og at dei tilsette blir godt ivaretatt. FAU kan ikkje sjå at det er vurdert å etablere eit oppvekststun for å effektivisere administrasjons- og personalressursar.	ein mulighetsstudie frå Salt arkitekter der mogleg etterbruk er skissert. Nytt liv i skuleanlegget er viktig. Dei må ikkje forfalle og bli eit kostnadssluk, eller et spekuleringssubjekt som ikkje aukar bulyst og utvikling. Det må settast i gang ein prosess som sikrar dette etter eit ev. vedtak om nedlegging. Å organisere Krokane skule og Krokane barnehage løysar ikkje dei store utfordringane med å tilpasse skulestrukturen til færre elevar.
7	1.7 FAU ved Krokane skule 27.08.25	FAU ved Krokane skule uttrykkjer sterk uro over planane om endringar i skulestrukturen i Kinn kommune, og spesielt over mogleg nedlegging av Krokane skule. Dei peikar på at skulen har stort potensial for utvikling, både fysisk og pedagogisk, og at tomta gir rom for utviding og framtidsretta løysingar. Skulen ligg gunstig til med nærleik til natur, kulturtilbod og gode trafikale forhold. FAU kritiserer kommunen for å ikkje ta tilstrekkeleg omsyn til barn med særskilde behov, og meiner det er mogleg å utvikle ein skule der desse barna kan blomstre. Dei stiller spørsmål ved realismen i moglegheitsstudien som skisserer bustadbygging og næringsutvikling på tomta, og meiner dette er urealistisk. Dei peikar også på at skulevegen til alternativ skule er utrygg for dei yngste barna, spesielt vinterstid, og at dette bryt med opplæringslova sine krav til trygg skuleveg. FAU har sendt bekymringsmelding til statsforvaltaren, som har uttrykt forståing og vil følgje saka vidare. Dei avsluttar med ei oppmoding til politikarane om å vurdere elevane sine behov først, og ikkje la økonomiske omsyn vere avgjerande for avgjerda om nedlegging: 1. Dersom du ser bort frå alderen på bygget til Krokane skule, men heller vurderer: ▪ lokasjonen til skulen ▪ tomtestorleiken og moglegheitene denne gir for å utvikle skulen ▪ nærleiken til urørt natur og sentrale funksjonar (symjehall, kulturhus, kystmuseum m.m.) ▪ talet på kommunale bustadar i området, samt asylmottaket ▪ utviklingsmoglegheitene for å ruste Krokane skule for framtidas utfordringar – meiner du då framleis at det er rett avgjerd å legge ned Krokane skule, dersom du ikkje legg til grunn kommuneadministrasjonen si «etablerte sanning» om kostnader?	Sjå vurdering av innspel 5 og 6. Alle skulane i Kinn legg til rette for barn med særlege behov. I rapporten «Konsekvenser av skulestrukturendringer i videregående skole» er det eit avsnitt som viser til at det kan vere relevante utfordringar og moglegheiter dersom nærskulen vert lagt ned: <i>«Doktorgradsarbeidet til Cederling (2016) viser, gjennom intervjuer med grunnskoleelever og familier, samt tidsgeografiske analyser, at noen barn får tilgang til et bredere fagmiljø og nye sosiale relasjoner. Dette kan gi fordeler som tilgang til bedre fasiliteter, som for eksempel større bibliotek, flere valgmuligheter når det gjelder fag og muligheten til å finne venner med lignende interesser. Samtidig forsvinner intimiteten i de små lokalskolene, og noen elever savner den nære kontakten og oversikten en mindre skole gir. Barn som bor langt unna den nye skolen, kan dessuten oppleve sosial ekskludering hvis vennene er bosatt i motsatt ende av kommunen. Disse funnene på grunnskoleelever understreker relevante utfordringer som noen, særlig sårbare, barn og ungdom kan møte ifm. større endringer i skolestruktur, som f.eks. nedlegging og sammenslåing av nærskolene. Resultatene viser at konsekvensene er blandede og at ulike barn og ungdom vil kunne oppleve utfordringene ulikt, blant annet ut ifra familiebakgrunn og andre kontekstuelle faktorer.»</i> Ved ei ev. nedlegging av ein skule er det difor viktig å sikre gode overgangar og spesielt for sårbare barn og barn med særlege behov. Spesielt for denne gruppa kan vi i einskilde tilfelle bruke opp mot 1,5 år ved overgangar. Det er difor viktig at vi får ei avklaring av skulestruktur og at det er sett av god tid til å sikre gode overgangar. Ved ei flytting av elevane ved Krokane skule til Torvmyrane skule og Florø barneskule vil elevane framleis kunne gå og sykle til skulen. Elevane vil kunne nytte lyssett gang og sykkelveg til og frå dei nye skulane sine. Elevane i 1. klasse vil ha rett til skuleskyss om dei bur meir enn 2 kilometer unna skulen. Det er soleis kommunedirektøren si vurdering av dette må reknast som ei mindre inngripande endring for elevane ved Krokane skule i høve skuleveg. Elevane sin rett til leik og fritid vil i liten grad verte råka, då dei kan gå/sykle til skulen og nytte det same fritidstilbodet dei har nytta tidlegare. FAU oppfordrar politikarane til å vurdere elevane sine behov først og ikkje la økonomiske omsyn vere avgjerande for avgjerda om å legge ned ein skule. Utgreiinga har gjort nettopp det. Det er vurdert kva som er til barn sitt beste og ein struktur som er tilpassa talet på elevar. Konklusjonen legg til grunn at det er viktig å heve både teknisk og funksjonell kvalitet på skulebygga slik at vi får eit likeverdig tilbod til elevane i Kinn. Alternativet til å legge ned skular er å redusere driftsrammene til alle skulane eller tilføre midlar frå andre sektorar som då får reduserte rammer.

		2. Er du heilt overtydd om at nedlegging er den einaste løysinga som er utelukkande rett og best for elevane? Eller er det i realiteten ei løysing som er «godt nok» for elevane, men først og fremst bra for kommunen, som vil investere pengar og unngå ROBEK? 3. Meiner du at elevane som skal gå på ein lappa Florø barneskole vil få ein like god og funksjonell skule – når det gjeld inneklima, uteareal, utforming m.m. – som elevane ved nye Skram skule får? Og kan ein vere trygg på at dette ikkje blir eit prosjekt som stadig vil krevje meir fersk kapital? Tidlegare innsende innspel er vedlagt uttalen	 Ein nybygd skule vil ha betre teknisk og pedagogisk funksjonell eignaheit enn ein rehabilitert, ombygd og påbygd skule. Etter planlagde tiltak vil Florø barneskole få ein betre teknisk tilstand og vert meir eigna for undervisning.
8	1.8 FAU Florø barneskole 22.08.25	FAU har ingen innvendingar mot endringar i skulestrukturen eller bruk av skulebygg ved eventuell nedlegging. Dei kjem med følgjande viktige innspel: 1. Trafikkavvikling: Det må planleggjast gode soner for trygg henting og levering av barn, spesielt om fleire elevar kjem med bil frå andre område. 2. Utbetring av skulebygg og uteområde: FAU ber om at planane for ny gymsal og oppgradering av skulen vert prioritert og gjennomført, og at ein satsar på dei beste løysingane. 3. Skulestruktur: Det verste vil vere om ingenting skjer. Å behalde alle skulebygg utan endring kan svekke kvaliteten i skulen. 4. Florø barneskole som samlingspunkt: Skuleområdet er viktig for både elevar og lokalsamfunn, og ei opprusting vil gagne fleire enn berre skulen. 5. Ny gymsal: Ein ny gymsal vil styrke hallkapasiteten for idrett og fritidsaktivitetar, spesielt om Krokane skule vert lagt ned.	1. I samband med investeringsprosjektet til Albertatunet vert det arbeidd med trafikkavvikling i området og det vert fokusert på trygg henting og levering av barn. 2. Mogleighetsstudie for skulen er i slutfase og skal leggjast fram for politisk orientering i haust. I samband med arbeidet med handlingsdel og økonomiplan vil kommunestyret ta stilling til utvikling av skulen. 3. Kommunedirektøren støttar utsegna om at utan nedlegging av skular så vil det gå ut over kvaliteten. 4. Kommunedirektøren støttar utsegna om at Florø barneskole er viktig for lokalsamfunnet 5. Ein ny gymsal vil styrke hall-kapasiteten Uavhengig av om det vert færre eller fleire elevar er det behov for å rehabilitere og bygge til Florø barneskole for at den skal bli tilfredsstillande både teknisk og pedagogisk funksjonell drift.
9	1.9 FAU Brandsøy skule og barnehage 31.08.25	FAU understrekar at oversikta over bruk av skulebygget i kommunens dokument ikkje er uttømmende – bygget blir brukt også på kveldstid, i helgar og feriar. Dei viser til at vurderinga av kulturelt og sosialt mangfald med skule (+1) og utan skule (-2) samsvarar med deira oppfatning. Hovudpunkt: 1. Skulen som trygg og god arena: ▪ Passeleg størrelse og ny bygningsmasse med godt uteområde. ▪ Samlokalisering med barnehage gir god overgang for barna.	Merknaden vert teken til vitande.

		▪ Skulen har engasjert foreldregruppe og samarbeid med grendalag. 2. Tidlegare erfaringar med nedlegging: ▪ Skulen har elevar frå tidlegare Solheim skule, som allereie har opplevd nedlegging og skulebyte. 3. Svar på kommunens spørsmål: ▪ Kva fungerer bra? Tryggleik, samarbeid med barnehage og andre skular. ▪ Kva bør kjenneteikne framtidige skular? Samarbeid på tvers og styrking av fagmiljø. ▪ Kva kan bli betre? Tilpassa undervisning gjennom mindre grupper etter nivå. ▪ Kva treng barnet for å trivast og lære? Tryggleik, gode relasjonar og å bli sett og høyrte. ▪ Ved skulebyte: Besøksdagar, dialog med foreldre og valfridom. Positivt kan vere betre bygg og større sosialt miljø.	
10	1.10 FAU Torvmyrane skule og barnehage 31.08.25	Torvmyrane skule bør bestå som ein aktiv grunnskule i Kinn kommune. 1. Pedagogiske og faglege omsyn ▪ Skulen leverer gode faglege og sosiale resultat. ▪ Oversiktleg læringsmiljø gir tett oppfølging, særleg viktig for elevar med spesielle behov. ▪ Skulen har den største 1. klassen i kommunen i år (25 elevar), noko som viser vekst. 2. Lokalsamfunn og busetjing ▪ Skulen er ein hjørnestein i nærmiljøet og bidreg til at bydelen er attraktiv for barnefamiljar. ▪ Bustader blir seld raskt, ofte utan å bli lagt ut offentleg. ▪ Skulen fungerer som samlingspunkt for kultur og fritid. 3. Økonomiske og samfunnsmessige omsyn ▪ Skulebygget frå 1998 er moderne og godt vedlikehalde, utan investeringsbehov. ▪ Rapportar frå Norconsult og Salt Arkitektur viser at Torvmyrane har god funksjonalitet og låge vedlikehaldskostnader. ▪ Andre skular i kommunen krev større investeringar for å møte krav til skulebygg. 4. Foreldrestemmer ▪ Foreldre rapporterer om god oppfølging, trivsel og inkluderande miljø. ▪ Skulen blir aktivt valt av familiar, også frå nabokommunar. ▪ Barn med spesielle behov får god støtte og tilrettelegging	Merknaden vert teken til vitande.

		5. FAU sine utfyllande innspel ▪ Fuglebergsamlingar styrkar sjølvtilitt og presentasjonsferdigheiter. ▪ Samlokalisering med barnehage og SFO gir trygg overgang for barna. ▪ Gode fasilitetar: garderober, toalett, rømningsvegar, gymsal, uteområde. ▪ Skulen er mykje brukt også utanom skuletid: idrett, 4H, korps, seminar, konfirmasjonar, bryllaup, bursdagar, 17. mai m.m. Konklusjon: Torvmyrane skule er ein moderne, velfungerande og inkluderande skule med sterk lokal forankring og vekstkraft. FAU ber kommunen om å ta omsyn til dei pedagogiske, sosiale og økonomiske konsekvensane og la skulen bestå.																						
11	1.11 Skarevik barnehage SA 25.08.25	Skarevik barnehage uttrykkjer uro for framtida dersom Raudeberg skule blir nedlagt. Dei opplever allereie utfordringar med rekruttering, og meiner usikkerheit rundt skulen påverkar dette. Barnehagen har eit godt samarbeid med skulen og trygg overgang for barna. FAU fryktar at nedlegging vil føre til færre barn i barnehagen, og at foreldre heller vel barnehagar nær skulen søsken går på. Dei ber kommunen satse på levande bygder, ikkje berre sentralisering. Eit nytt badeanlegg på Raudeberg blir sett på som eit positivt tiltak som kan styrke tilflytting og utvikling i området.	Merknaden vert teken til vitande. Rekruttering er ei utfordring i dag og det er mange faktorar som påverkar korleis vi greier å rekruttere kompetanse. Talet på barn i aldersgruppa 0-5 år er nær halvert i løpet av dei siste 10 åra noko som i stor grad påverkar talet på barn i barnehage. Det er vanskeleg å vite om nedlegging av skulen får verknader på kva barnehage foreldre søker barnet sitt til. Sjå elles vurdering av merknad 5.																					
12	1.12 Styret i Skarevik barnehage 28.08.25	Styret i Skarevik barnehage uttrykkjer sterk bekymring for konsekvensane av ei mogleg nedlegging av Raudeberg skule. Barnehagen ligg tett ved skulen, og samarbeidet mellom dei to institusjonane gir barna ein trygg og forutsigbar overgang til skule. Dette er særleg viktig for sårbare barn som treng kjente og oversiktlige omgjevnader. Dei stiller spørsmål ved kapasiteten på Skram skule, som etter deira vurdering ikkje har nok plass eller tilstrekkelege fasilitetar for å ta imot alle elevane frå både Raudeberg og Skram, inkludert behov for spesialundervisning og skjerming. Styret etterlyser konkrete tiltak som faktisk kan motverke dei negative konsekvensane av ei nedlegging, og meiner at kvalitetar som trygg skuleveg, kjente vaksne og eit nært læringsmiljø ikkje kan erstattast med generelle tiltak. Til slutt uttrykkjer dei uro for utviklinga i Nord-Vågsøy, og meiner at nedlegging av skulen vil svekke området som bustadalternativ for familiar. Dei oppmodar politikarane til å satse på heile	Gode overgangar er viktig anten skule og barnehage er lokalisert nær kvarandre eller ikkje og det er også viktig for barn som av ulike årsaker er meir sårbare enn andre. Det er likevel viktig å fokusere på å saman utvikle bygdene og samfunnsdelen har mange mål for dette arbeidet. I samband med arbeidet med handlingsdel og økonomiplan kan kommunestyret legge inn tiltak knytt til desse måla. (Sjå og vurdering av innspel 4) Utsnitt frå kommunestyresak 151/24 viser at Skram kan ta imot elevar frå Raudeberg skule: I Norconsult sin tilleggsrapport finn vi i <i>kap.5 Nye Skram skule – vurdering av eksisterande planar</i>, ei kapasitetsanalyse av vedteken utbyggingsløyising. Under ser ein berekna kapasitet med utgangspunkt i ulike arealavsettingar pr. elev: · Med 2,5 m2 pr elev gir dette et snittareal til å handtere 258 elevar eller om lag 36 elevar pr årsteg. (vanleg å planleggje nye skular etter dette talet). · Med 2,25 m2 pr elev gir dette et snittareal til å handtere 287 elevar eller om lag 41 elevar pr årsteg (forsvarleg når det er støtteareal i og rundt klasseromma) · Med 2,0 m2 pr elev gir dette snittareal til å handtere 323 elevar eller om lag 46 elevar pr årsteg (forsvarleg når det er støtteareal i og rundt klasseromma) Til informasjon er Eikefjord skule (ferdigstilt i 2016) og Brandsøy skule (ferdigstilt i 2020) bygd med utgangspunkt i maksbelastning på 2 m2 pr. elev. Elevtalsframskriving for Skram skole + Raudeberg skule, faktisk talde elevar <table><tr><td></td><td>2024/25</td><td>2025/26</td><td>2026/27</td><td>2027/28</td><td>2028/29</td><td>2029/30</td></tr><tr><td>1. klasse</td><td>35</td><td>25</td><td>31</td><td>43</td><td>32</td><td>31</td></tr><tr><td>2. klasse</td><td>49</td><td>35</td><td>25</td><td>31</td><td>43</td><td>32</td></tr></table>		2024/25	2025/26	2026/27	2027/28	2028/29	2029/30	1. klasse	35	25	31	43	32	31	2. klasse	49	35	25	31	43	32
	2024/25	2025/26	2026/27	2027/28	2028/29	2029/30																		
1. klasse	35	25	31	43	32	31																		
2. klasse	49	35	25	31	43	32																		

		kommunen – ikkje berre sentrum – og ber om at Raudeberg skule blir bevart.	<table><tr><td>3. klasse</td><td>40</td><td>49</td><td>35</td><td>25</td><td>31</td><td>43</td></tr><tr><td>4. klasse</td><td>49</td><td>40</td><td>49</td><td>35</td><td>25</td><td>31</td></tr><tr><td>5. klasse</td><td>48</td><td>49</td><td>40</td><td>49</td><td>35</td><td>25</td></tr><tr><td>6. klasse</td><td>47</td><td>48</td><td>49</td><td>40</td><td>49</td><td>35</td></tr><tr><td>7. klasse</td><td>49</td><td>47</td><td>48</td><td>49</td><td>40</td><td>49</td></tr><tr><td>Totalt</td><td>317</td><td>293</td><td>277</td><td>272</td><td>255</td><td>246</td></tr></table> Tabell 10: Framskriving av elevtalsutvikling ved Skram skole + Raudeberg skule, faktisk talde elevar, utan inn-/utflytting. Prognose elevtalsutvikling Skram skole + Raudeberg skule <table><tr><td></td><td>2024/25</td><td>2025/26</td><td>2026/27</td><td>2027/28</td><td>2028/29</td><td>2029/30</td></tr><tr><td>1. klasse</td><td>32</td><td>36</td><td>42</td><td>37</td><td>38</td><td>38</td></tr><tr><td>2. klasse</td><td>38</td><td>33</td><td>37</td><td>43</td><td>38</td><td>39</td></tr><tr><td>3. klasse</td><td>48</td><td>39</td><td>34</td><td>37</td><td>43</td><td>38</td></tr><tr><td>4. klasse</td><td>50</td><td>48</td><td>39</td><td>34</td><td>38</td><td>43</td></tr><tr><td>5. klasse</td><td>50</td><td>50</td><td>48</td><td>40</td><td>35</td><td>38</td></tr><tr><td>6. klasse</td><td>46</td><td>50</td><td>50</td><td>48</td><td>40</td><td>35</td></tr><tr><td>7. klasse</td><td>48</td><td>46</td><td>50</td><td>50</td><td>48</td><td>40</td></tr><tr><td>Totalt</td><td>317</td><td>293</td><td>277</td><td>272</td><td>255</td><td>246</td></tr></table> Tabell 11: Framskriving av elevtalsutvikling ved Skram skole + Raudeberg skule, prognose nytta av Norconsult i tilleggssrapport Dersom ei samanslåing med Raudeberg gjev mange årsteg over 46 elevar kan dette skape utfordringar knytt til klassedeling og tal klasserom. Som ein ser av tabellen over vil det vere tre trinn som har over 46 elevar skuleåret 2026/2027, to trinn som er over 46 elevar skuleåret 2027/2028 og eitt trinn skuleåret 2028/2029. Dette er likt i begge tabellane. I den eine tabellen vil der også vere eit trinn over 46 elevar skuleåret 2029/2030. Etter dette er det ingen kull, verken i talde born, eller prognose som er over 46 elevar. I tabellen med faktisk talde barn er det eitt kull som berre er 25 elevar. Desse vil kunne vere i eitt av dei største klasseromma og soleis frigjere eitt klasserom til evt. tredeling. Nye Skram skole er planlagt med eige SFO-rom, som ikkje er tenkt nytta til klasserom i skuletida. I ein overgangsperiode vil det vere fullt mogleg å nytte dette rommet til t.d. klasserom for 1. trinn, slik som er vanleg på dei fleste skular i dag. Med dette vil vi kunne ha tre parallellar på to trinn, og framleis vere innanfor lovkrava til areal per elev. Både prognose og faktisk talde born viser at storleiken på kulla ved ein samanslått Nye Skram skole etter kvart kan ligge kring 30-35 elevar for dei fleste årstega.	3. klasse	40	49	35	25	31	43	4. klasse	49	40	49	35	25	31	5. klasse	48	49	40	49	35	25	6. klasse	47	48	49	40	49	35	7. klasse	49	47	48	49	40	49	Totalt	317	293	277	272	255	246		2024/25	2025/26	2026/27	2027/28	2028/29	2029/30	1. klasse	32	36	42	37	38	38	2. klasse	38	33	37	43	38	39	3. klasse	48	39	34	37	43	38	4. klasse	50	48	39	34	38	43	5. klasse	50	50	48	40	35	38	6. klasse	46	50	50	48	40	35	7. klasse	48	46	50	50	48	40	Totalt	317	293	277	272	255	246
3. klasse	40	49	35	25	31	43																																																																																																						
4. klasse	49	40	49	35	25	31																																																																																																						
5. klasse	48	49	40	49	35	25																																																																																																						
6. klasse	47	48	49	40	49	35																																																																																																						
7. klasse	49	47	48	49	40	49																																																																																																						
Totalt	317	293	277	272	255	246																																																																																																						
	2024/25	2025/26	2026/27	2027/28	2028/29	2029/30																																																																																																						
1. klasse	32	36	42	37	38	38																																																																																																						
2. klasse	38	33	37	43	38	39																																																																																																						
3. klasse	48	39	34	37	43	38																																																																																																						
4. klasse	50	48	39	34	38	43																																																																																																						
5. klasse	50	50	48	40	35	38																																																																																																						
6. klasse	46	50	50	48	40	35																																																																																																						
7. klasse	48	46	50	50	48	40																																																																																																						
Totalt	317	293	277	272	255	246																																																																																																						

13	1.13 Utdanningsforbundet i Kinn 31.08.25	Utdanningsforbundet Kinn understrekar at skulestruktur er meir enn ei økonomisk vurdering. Endringar påverkar elevar, tilsette, lokalsamfunn og kommunen si attraktivitet. Hovudpunkt: 1. Forsking og relevans: ▪ Forskinga som er referert til i kommunens dokument (bl.a. frå Kina og små skular i distrikta) er ikkje direkte relevant for Kinn. ▪ Forsking frå Nordlandsforskning viser at skulenedlegging kan svekke læring, særleg for sårbare elevar. 2. Fellesskulen og sosial utjamning: ▪ Skulen skal gi rom for individuell og felles læring, og støtte mangfald. ▪ Skulenedlegging kan svekke motivasjon, trivsel og prestasjonar. 3. Arealnormer og fysisk miljø: ▪ Kommunen bør bruke nasjonale normer for areal til elevar og tilsette. ▪ Minimumsnormer gir lite handlingsrom og kan svekke arbeidsmiljø og læringsmiljø. ▪ Det er lite hensiktsmessig å samanlikne Kinn med urbane strøk som Bergen. 4. Barnehagekapasitet og planlegging: ▪ Det var for få barnehageplassar ved årets inntak – er dette teke høgde for i planane? 5. Medverknad og prosess: ▪ Utdanningsforbundet har vore lite involvert i vurderingane så langt. ▪ Dei forventar at tilsette, FAU, elevråd, fagforeiningar og lokalsamfunn får reell innverknad framover. Konklusjon: Skulestruktur må vurderast ut frå barnets beste og skulen si samfunnsrolle – ikkje berre økonomi og areal. Utdanningsforbundet oppmodar kommunen til å sikre kvalitet, tilhøyrslø og heilskapleg utvikling.	Kommunedirektøren er einig med utdanningsforbundet i at skulestruktur er meir enn ei økonomisk vurdering. I utgreiinga har vi lagt vekt på fleire dimensjonar, sjå m.a. figuren over. Barnet sitt beste har vert sentralt i desse vurderingane. Utdanningsforbundet i Kinn er kritisk til den forskinga som det er vist til i utgreiinga frå Kinn kommune knytt til områdeplanar og skulestruktur. Dei viser til ein artikkel i bladet Utdanningsnytt for å belyse konsekvensar som det ikkje er lagt vekt på i Kinn kommune si utgreiing. Forskinga som det er vist til i Utdanningsnytt er Nordlandsforskning « <i>Konsekvenser av skulestrukturendringer i videregående skole-en kunnskapsoppsummering om skolesentralisering, reisevei, hybeltilværelse og alternative modeller for videregående opplæring</i> ». Dette er en delrapport i prosjektet Kunnskapsgrunnlag for planlegging av fremtidig skole- og tilbudsstruktur innen videregående opplæring i Trøndelag. Det er i tillegg utarbeidet en «<i>Vurderinger av barnets beste ved skulestrukturendringer. En veileder til barnerettighetsvurderinger basert på norsk lovverk, eksisterende veiledere og lovlighetskontroller</i>» (Videt et al., 2025). Seniorforskar Lea Louise Videt seier at «<i>studier på grunnskolenivå viser at noen elever vil få det bedre på en større skole, men andre elever trenger tryggheten som finnes i mindre skoler. Likevel, noen studier peker på en forstyrrelseseffekt, at skulenedleggelser gir en midlertidig negativ effekt på skoleprestasjonene. Men andre studier finner ikke denne effekten og ingen studier viser langvarig negativ effekt gjennom det videre studieløpet</i>», https://www.nordlandsforskning.no/nb/news/2025/videregaende-skoler-lite-kunnskap-om-folgene-av-nedl... Forsking viser at korkje mindre klassar eller fleire lærarar gir i seg sjølv betre læring eller trivsel. Sjø nyleg publisert artikkel på forskning.no. Det er først når skulane klarer å nytte dei ekstra lærarane på ein målretta og gjennomtenkt måte at det får ein effekt. Det er eit tiltak som har vist god effekt og det er å gi undervisning i små grupper på rundt fem elevar. To store forskingsprosjekt (Two Teachers og 1+1) viser at dette er tiltak som gir effekt. Ein kan ikkje gjere meir av det same i mindre grupper men nytte høvet til å tilpasse og variere undervisninga. Det er difor viktig at skulane våre har fysisk plass til smågruppeundervisning. Forskinga på to lærarar i klasserommet fant ingen effekt, og det finn heller ikkje evalueringa av lærernormen. Det har blitt fleire
-----------	---	--	---

			lærarar, men førebels ikkje meir læring eller trivsel. Det er ikkje grunnlag i forskinga for å anbefale ein bestemt klassestorleik eller lærartettleik. Alle som søkte om barnehageplass ved hovudopptaket i år har fått tildelt barnehageplass. Det er i halde møter både for tilsette, foreldre, driftsmøter der utdanningsforbundet får innkalling, FAU, elevråd, Arbeidsmiljøutvalet, ungdommens kommunestyre og fagforeiningar (ATO), for å sikre brei medverknad. Ved ei eventuelle nedlegging av ein skule må vi sikre brei medverknad ved planlegging og gjennomføring av overgangen til ny skule. Sjå også kva arbeidstakarorganisasjonane samla ga uttale om i samband med handsaming av planen.
14	1.14 ATO (arbeidstakarorganisasjonane) 21.08.25	ATO gjev kommunestyret råd om å endre skulestruktur. ATO viser til det omfattande arbeid som er lagt ned i områdeplan som synleggjer store negative konsekvensar av å halde fram med dagens skulestruktur. Utvalet støttar utgreiinga som syner at nedlegging av skular er naudsynt dersom grunnskulesektoren skal gjennomføre store innsparingar.	Kommunedirektøren merkar seg at ATO støttar utgreiinga som syner at nedlegging av skular er naudsynt.
15	1.15 AMU (arbeidsmiljøutvalet) 21.08.25	AMU gjev kommunestyret råd om å endre skulestruktur. AMU viser til det omfattande arbeid som er lagt ned i områdeplan som synleggjer store negative konsekvensar av å halde fram med dagens skulestruktur. Utvalet støttar avgjerd om å legge ned skular dersom utgreiinga som syner at nedlegging av skular er naudsynt. Utdanningsforbundet sin representant i AMO ville fremja sitt syn i seinare møte.	Kommunedirektøren merkar seg at AMU støttar utgreiinga som syner at nedlegging av skular er naudsynt.
16	1.16 Folkehelseavdelinga 08.08.25	Folkehelseavdelinga støttar forslaga i områdeplanen og meiner dei er nødvendige og fornuftige. Dei peikar på: ▪ Dårleg vedlikehald av skule- og barnehagebygg over tid, med for låge ressursar til vedlikehald. ▪ Helsemessige utfordringar for barn grunna forfall og manglande reinhald, spesielt i sør-Kinn. ▪ Behov for tiltak som fremjar fysisk aktivitet, som sykkelveggar, fortau og trygge overgangar. ▪ Auka transportbehov ved skulenedlegging, men dette kan vegast opp mot betre helsetilhøve totalt sett. Avdelinga støttar konklusjonen i områdeplanen, men oppmodar kommunen til å legge betre til rette for gåing og sykling til skule.	Merknaden vert teken til vitande og kommunedirektøren merkar seg at Folkehelseavdelinga støttar konklusjonen om skulestruktur.
17	1.17 Kvalheim grendelag 01.09.25	Kvalheim grendelag uttrykkjer sterk uro over forslaget om nedlegging av Raudeberg skule, og meiner at skuledebatten har for snevert tidsperspektiv. Dei oppmodar kommunen til å tenkje langsiktig – 50 til 100 år fram i tid – og satse på barn, unge og småbarnsfamiliar. Hovudbodskap: ▪ Nord-Vågsøy har størst utviklingspotensial på Vågsøya, medan Måløy har lite attverande areal for bustad og næring.	Nedlegging av skular er ikkje ei lettvindt løysing for kommunale innsparingar. Det er blitt færre barn og grunnskulesektoren må omstille seg til det barnetalet som er i dag og ein må samstundes sette i verk tiltak for å sikre utvikling i både bygd og by. Det er gjort ein litteraturgjennomgang i 2015 av Norsk senter for bygdeforskning der det vert sett på samanhengen mellom skule, attraktivitet og folketalsutvikling: <i>«Nyere flyttemotivstudier i Norge og Norden viser at flytting domineres av sosiale og miljørelaterte motiv (Lundholm 2007, Sørli mfl 2012). Grunnskole og videregående skole er derimot ikke blant de viktigste motivene for å flytte til eller bli boende et sted (Båtevik m.fl. 2013, Sørli m.fl. 2012). I forskningslitteraturen (om grunnskolen) ser det ut til å være slik at skulenedleggelse er en konsekvens av at samfunnet uttynnes, og ikke omvendt. Båtevik m.fl. sier at denne litteraturen legger for mye vekt på flyttemotiv blant folk flest, mens foreldre med skolebarn og ungdom sjelden flytter – og heller tilpasser seg situasjonen der de bor.»</i>

		▪ Nedlegging av skular blir brukt som ei lettvinnt løysing for kommunale innsparingar, men kan føre til ein vond spiral. ▪ Kvalheim har hatt generasjonsskifte og bustadvekst, og mange unge ønskjer å flytte tilbake – men skulen er ein viktig del av totalpakken. ▪ Nedlegging av Raudeberg skule vil gjere området mindre attraktivt for heimflytting og etablering. ▪ Flyttelass vil ikkje nødvendigvis gå til Måløy, men til nabokommunar eller ut av fylket. Oppmoding: ▪ Behald Raudeberg skule og sats på Nord-Vågsøy. ▪ Sjå det store biletet og prioriter den oppveksande generasjonen. ▪ Politikken må vere langsiktig og framtidsretta	Det er og vist til at det er manglande støtte i forking på kva konsekvensar ei nedlegging av ein skule vil ha å seie for utvikling av ei bygd. Andre forhold som arbeidsmarknad og jobb for to, bustad, godt oppvekstmiljø, godt sosialt miljø og møteplassar er med på å påverke tilflytting og at ein blir verande i bygda. I ein nyleg utgitt forskingsrapport (Konsekvenser av skolestrukturendringer i videregående skole) er det vist til forking knytt til verknader for lokalsamfunn når ein skule vert lagt ned. Rapporten oppsummerer forkinga til at skulenedlegging i fleire tilfelle fører til fråflytting eller redusert tilflytting over tid. Sjå og vurderinga av innspel 5.
18	1.18 Norddalsfjord Grendalag 27.08.25	▪ Manglande vurdering av konsekvensar for elevar i Norddalsfjorden i utgreiinga (særleg i punkt 6.5.4). ▪ Ved nedlegging av Brandsøy skule må elevar frå Norddalsfjorden reise over 45 minutt kvar veg til skule. ▪ Ein familie med to mindreårige barn har flytta til Midtbø – den eldste går i 1. klasse og må gå over ei bru utan lys og refleks. ▪ Dette gir utrygg skuleveg, spesielt om hausten, vinteren og våren. ▪ Vegen er kommunal, og kommunen har ansvar for å trygge skulevegen for desse og andre elevar.	I mail 29.08.25 er innspelet trekt.
19	1.19 Norddalsfjord Grendelag 01.09.25	1. Behald Brandsøy skule: ▪ Brandsøy er den næraste og mest naturlege nærskulen for elevar frå Nordalsfjorden. ▪ Nedlegging vil føre til lengre reiseveg (+5–7 minutt kvar veg), sjølv om dette er innanfor regelverket. 2. Trygg skuleveg og skyss: ▪ Kommunen bør prioritere trafikktryggingstiltak i Brandsøy-området og langs Firdavegen. ▪ Stabil og trygg skyss er viktig for alle elevar. 3. SFO og overgangar: ▪ Det er viktig med føreseielege overgangar mellom barnehage, skule og SFO. ▪ Endringar må handterast slik at elevane ikkje mister trivsel og tilhøyrse. 4. Etterbruk og lokalt engasjement: ▪ Skulebygget har sambruk med barnehage og grendelag.	Merknaden vert teken til vitande. Trafikktryggingssplanen har mange oppdrag knytt til trygg skuleveg i Brandsøy og for Firdavegen. I samband med det årlege arbeidet med Handlingsprogram og økonomiplan vil økonomiske rammer og prioritering av trafikktryggingstiltak bli vurdert. Brandsøy skule er ikkje tilrådd nedlagt, mellom anna med bakgrunn i mange av dei argumenta grendelaget har for å oppretthalde Brandsøy skule.

		Ved eventuelle endringar må ein sikre framtidensretta etterbruk som tek vare på bygdelivet. Konklusjon: Norddalsfjord Grendelag meiner det er avgjerande å vidareføre Brandsøy skule for å sikre kort og trygg skuleveg, bevare tilhøyrsliv og støtte opp om ein god balanse mellom skule, fritid og familieliv.	
20	1.20 Arild Grov 11.06.25	- Arild Grov kritiserer grunnlaget for å legge ned skular i Florø, og meiner at tilstandsanalyse utført av OSE er mangelfull og ikkje i tråd med gjeldande standard (NS 3424). Analysen er basert på utvalde bygningselement og manglar vurdering frå fagpersonar på viktige tekniske installasjonar. - Han peikar på at kommunen ikkje har god nok kontroll på kostnadene ved rehabilitering, noko som er avgjerande for å ta riktige politiske vedtak. Grov meiner at rapportane bør kvalitetssikrast gjennom uavhengig kontroll før ein vurderer nedlegging. - Han avsluttar med å stille spørsmål ved om politikarane kan fatte vedtak om nedlegging når dei ikkje har pålitelege kostnadsoverslag.	Norconsult har gått gjennom OSE sine rapportar og underlag – og er utfyllande i høve dette grunnlaget. Norconsult si tilstandskartlegging har overordna vurderingar av VVS-installasjonar, el-kraft, ekom og automatisering og andre installasjonar. Kommunen i samarbeid med Norconsult utarbeidd ein forstudie/moglegheitsstudie ved Florø barneskule tilpassa eit elevtal for krinsen og Krokane skule tilpassa 1,5 parallell som er kapasiteten i dag. Rapporten er linka opp i <i>Grunnlaget for områdeplanlegging – grunnlaget for skulestrukturendringar</i>. Det er i tillegg arbeidd vidare med ytterlegare detaljering av Florø barneskule gjennom ei moglegheitsstudie som skal leggjast fram til politisk orientering i haust. Gjennom denne moglegheitstudien har ein avdekkja at kvaliteten på OSE-rapporten er tilfredsstillande og god. Kostnadsestimering i samband med investeringar som t.d. Oppgradering av Florø barneskule vil ha ulik sikkerheit i ulike fasar. Kommunedirektøren meiner at kostnadsoverslaga som ligg føre har tilstrekkeleg kvalitet til å leggjast til grunn for vurdering av skulestruktur. Kostnadsoverslaget vil i stor grad verte påverka av ambisjonsnivå for tilstandsnivå og eignaheit for undervisning.
21	1.21 Skaredammen Idrettspark SA 10.06.25	Det er planlagt bygd opplæringsbasseng innan hausten 2027. Prosjektet foreslår å utvikle Skaredammen Idrettspark på Raudeberg til eit fleirbrukssenter for læring, aktivitet og beredskap. Det skal innehalde opplæringsbasseng, fleirbruksrom, samlingspunkt, utandørs sykkeløype og utescene, samt tilfluktsrom og støttefunksjonar. Målet er å: - Gi lokal svømmeopplæring og møteplassar for alle aldersgrupper - Utnytte eksisterande areal ved Raudeberg skule - Skape inkluderande og miljøvennlege aktivitetstilbod - Styrke lokal beredskap og fellesskap Prosjektet er organisert som eit samvirkeforetak og vil involvere kommune, frivillige og næringsliv. Finansiering skal skje gjennom offentlege tilskot, lokal innsats og samarbeid med eksterne aktørar.	Det å utvikle Skaredammen Idrettspark er eit viktig lokalt initiativ for å auke attraktiviteten til Raudeberg og regionen. I framlegg til ny samfunnsdel er eit av delmåla våre at vi skal prioritere bustadbygging og formålsbygg som styrker eksisterande bystruktur. I tråd med dette har det vert arbeidd med prosjektet Nordfjordbadet i Måløy. I den regionale anleggsplanen er det presisert at behovet for bad- og symjeanlegg må særskilt vurderast ut frå det lovpålagde kravet om å gje alle elevar i grunnskulen elementær symjeopplæring/livbergingskunnskap kombinert med idretten sine behov. Det er og peikt på at det er viktig å få til ein god sambruk mellom opplæringsformål og publikumsbading. Lokalisering av opplæringsbasseng bør plasserast der flest mogleg kan nytte bassenget utan skyss, både for elevar og befolkninga elles. Kollektivtilbodet til Raudeberg er dårleg og vil sterkt avgrense tilgangen for publikum. Dersom ein i arbeidet med Handlingsdel og økonomiplan finn rom for investering i eit opplæringsbasseng må det lokaliserast til det beste for dei fleste og der det er eit godt kollektivtilbod. Gjennom arbeidet med kommunal plan som omfattar anlegg til idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv, må ein ta stilling til eit eventuelt opplæringsbasseng og lokalisering av det.
22	1.22 Skaredammen Idrettspark SA 29.08.25	Presentasjon nytta på folkemøte i parken kulturhus 27.08.25 er innspel til områdevurdering og skulestrukturalternativ. Presentasjonen er vedlagt saka. Motto: <i>Nytt svømmeanlegg i Vågsøy</i> Mål: - Tilflytting - Folketalsvekst - Slå ring om vår skulekrins	

		Prosjektet er eit samarbeid mellom Skaredammen, Parken Kulturhus og Refviksanden. Anlegget er planlagt med ein foajé som møteplass, eit terapibad, plaskebasseng for barn, treningsbasseng, ein aktivitetssal og moglegheit for klubbhus som møteplass for ulike idrettar.	
23	1.23 Helén Itland 19.06.25	Helén Itland oppmodar kommunen til å legge til rette for fleire møteplassar og aktivitetar for barn, spesielt med tanke på det våte og vindfulle klimaet. Ho foreslår opne gymsalar og innandørs leikeland med plass for både barn og foreldre. Behovet er stort, særleg i periodar med dårleg vær.	Gymsalane kan i dag leigast ut utan kostnader for barn og unge. Opne gymsalar og innandørs leikeland kan vere gode møteplassar for barn. I samband med det årlege arbeidet med Handlingsprogram og økonomiplan kan økonomiske rammer og prioritering av møteplassar bli vurdert.
24	1.24 Rita Lothe Mobakken 25.08.25	Mobakken ønskjer å behalde Raudeberg skule, som ho meiner er viktig for heile Nord-Vågsøy. Skulen ligg flott til med nærleik til natur og Skarevik barnehage, og bidreg til at folk vil busette seg i området. Ho meiner kommunen overser bygdene i innbyggjarundersøkinga, som fokuserte mest på byane. Ho peikar på at det skjer positive ting i Skaredammen idrettspark, og håpar på eit framtidig svømmeanlegg. Ho oppmodar kommunen til å satse på utvikling i Nord-Vågsøy, ikkje nedbygging.	Sjå vurdering av m.a. innspel 5 og 17.
25	1.25 Svein Sandvik 26.08.25	Svein Sandvik uttrykkjer sterk motstand mot planane om nedlegging av tre skular i Kinn kommune, og spesielt Raudeberg skule. Han reagerer på framstillinga frå kommunen, som han meiner gir inntrykk av at avgjerda allereie er teken, og at høyringa er ei formalitet. Dette opplevast som frustrerande og lite inkluderande for innbyggjarane. Han stiller seg kritisk til prioriteringa av å leggje ned lokalskular med gode uteområde og grøntareal, medan byskular med dårlege fasilitetar vert oppretthaldne. Sandvik meiner dette ikkje er til barnas beste. Vidare kritiserer han pengebruk på utgreiingar og studiar før vedtak er fatta, og meiner midlane heller burde vore brukt til å styrkje skule og oppvekstmiljø. Han peikar på at ei nedlegging vil få alvorlege konsekvensar for barn og familiar i utkanten, med lengre reiseveg og svekka tilknytning til nærmiljøet. Han avsluttar med ei tydeleg støtte til vidare drift av Raudeberg skule.	Merknaden vert teken til vitande. Mellom anna både barna sitt beste, tilstand og kapasitet på skulebygg og uteområde og økonomiske rammer, som følgje av færre barn i grunnskulen, er lagt til grunn for dei utgreiingane som er gjennomført. I prosessen er elevråda, FAU-ene, tilsette og innbyggjarar høyrde. Det er gjennomført dei utgreiingane som er politisk vedtatt at vi skal utarbeide.
26	1.26 Mari Halsør 28.08.25	Mari Halsør, mor til tre barn, uttrykkjer sterk bekymring for planane om nedlegging av Raudeberg skule. Ho framhevar skulen som ein trygg, oversiktleg og inkluderande læringsarena, spesielt viktig for sårbare barn og barn med	Halsør peikar på at overgang til ein større skule kan svekke den tryggleiken som Raudeberg skule kan gje og meiner det er spesielt viktig for sårbare barn og barn med særskilde behov. På forskning.no er det nyleg publisert ein artikkel knytt til klassestorleik og læring og trivsel: Ingen grunn til å bli stresset hvis ungen din går i en klasse med mange elever . Når det gjeld læring har norske forskarar stort sett ikkje funne effektar av klassestorleik (klassar frå 15-30 elevar). Trivsel finst det mindre forskning på, men i ein klasse med få elevar kan

		særskilde behov. Den nære kontakten mellom elevar, lærarar og foreldre gir tryggleik og tilhøyrighet. Ho meiner at overgangen til ein større skule som Skram kan svekke denne tryggleiken, og at barn med behov for skjerming og spesialundervisning risikerer å ikkje få tilstrekkeleg oppfølging der. Raudeberg skule har vist evne til å møte desse behova på ein god måte. Halsør flytta tilbake til Halsør for å gi barna ein trygg oppvekst i eit lokalmiljø med nærleik til skule og barnehage. Ho meiner at nedlegging vil svekke lokalsamfunnet, føre til fråflytting og undergrave økonomisk berekraft på sikt. Ho oppmodar kommunen til å prioritere barnas beste framfor kortsiktige økonomiske innsparingar, og avsluttar med ei sterk støtte til vidare drift av Raudeberg skule.	det vere utfordrande å finne vener og å dele opp i mange klassar kan få verknader for lærarkvaliteten. Det er først når skulane klarer å nytte dei ekstra lærarane på ein målretta og gjennomtenkt måte at det får ein effekt. Det er eit tiltak som har vist god effekt og det er å gi undervisning i små grupper på rundt fem elevar. To store forskingsprosjekt (Two Teachers og 1+1) viser at dette er tiltak som gir effekt. Ein kan ikkje gjere meir av det same i mindre grupper men nytte høvet til å tilpasse og variere undervisninga. Det er difor viktig at skulane våre har fysisk plass til smågruppeundervisning. Forskinga på to lærarar i klasserommet fant ingen effekt, og det finn heller ikkje evalueringa av lærernormen. Det har blitt fleire lærarar, men førebels ikkje meir læring eller trivsel. Det er ikkje grunnlag i forskninga for å anbefale ein bestemt klassestorleik eller lærartettleik. Alle skulane i Kinn legg til rette for barn med særlege behov. I rapporten «Konsekvenser av skolestrukturendringer i videregående skole» er det eit avsnitt som viser til at det kan vere relevante utfordringar og moglegheiter dersom nærskulen vert lagt ned: «<i>Doktorgradsarbeidet til Cederling (2016) viser, gjennom intervjuer med grunnskoleelever og familier, samt tidsgeografiske analyser, at noen barn får tilgang til et bredere fagmiljø og nye sosiale relasjoner. Dette kan gi fordeler som tilgang til bedre fasiliteter, som for eksempel større bibliotek, flere valgmuligheter når det gjelder fag og muligheten til å finne venner med lignende interesser. Samtidig forsvinner intimiteten i de små lokalskolene, og noen elever savner den nære kontakten og oversikten en mindre skole gir. Barn som bor langt unna den nye skolen, kan dessuten oppleve sosial ekskludering hvis vennene er bosatt i motsatt ende av kommunen. Disse funnene på grunnskoleelever understreker relevante utfordringer som noen, særlig sårbare, barn og ungdom kan møte ifm. større endringer i skolestruktur, som f.eks. nedlegging og sammenslåing av nærskoler. Resultatene viser at konsekvensene er blandede og at ulike barn og ungdom vil kunne oppleve utfordringene ulikt, blant annet ut ifra familiebakgrunn og andre kontekstuelle faktorer.</i>» Ved ei ev. nedlegging av ein skule er det difor viktig å sikre gode overgangar og spesielt for sårbare barn og barn med særlege behov. Spesielt for denne gruppa kan vi i einskilde tilfelle bruke opp mot 1,5 år ved overgangar. Det er difor viktig at vi får ei avklaring av skulestruktur og at det er sett av god tid til å sikre gode overgangar. Sjå elles vurdering av m.a. innspel 5 og 17.
27	1.27 Knut Robert Knutsen 31.08.25	Knutsen kritiserer høringsdokumentet for å vere forutinntatt, misvisande og mangelfullt, og meiner at det er utforma for å støtte ei bestemt løysing – nedlegging av skular og utbygging av sentrumsskular – utan å gi eit reelt grunnlag for diskusjon av alternative løysingar. • Kritikk mot dokumentet og Norconsult • Feilaktige påstandar om overkapasitet i Flora-skulane. • Bruk av utdaterte og misvisande tal for å rettferdiggjere nedleggingar. • Manglande rekning på kapasitet etter moderne regelverk (t.d. krav til ventilasjon, toalett, gymsal). • Florø Barneskole har sprengt kapasitet, og det er foreslått ny gymsal til over 50 mill. kroner – noko som indikerer at kapasiteten er feilvurdert. Alternativ til nedlegging • Justering av inntaksområda kan fordele elevar betre mellom eksisterande skular. • Rehabilitering innanfor eksisterande areal kan vere meir økonomisk og pedagogisk forsvarleg enn nybygg. • Reduksjon i elevtal kan gi betre innemiljø og pedagogisk handlingsrom. Konklusjon: Det er Knutsen si meining at informasjonen i høringsdokumentet er for	Knutsen hevdar at kommunedirektøren har konkludert med store sentrumsskular og at det krev nedlegging av andre skular for å få det til. Han meiner at dokumentet er formulert for å unngå alt som gir rom for fornuftig og reieleg diskusjon om andre alternativ og fuska med fakta på toppen av det heile. Kommunedirektøren tek sterk avstand frå denne påstanden. Norconsult-rapporten har påstand om at det er overkapasitet i barneskulane i Florø, noko Knutsen avviser som feil. Kommunedirektøren avviser at dette er feil. Knutsen hevdar at kapasiteten på Florø barneskole er 350 elevar og for Krokane skule 250 elevar. Knutsen påstår at ein ikkje reduserer faktisk kapasitet og heller ikkje faktisk arealbruk. Ein berre flyttar det frå ein skule til ein annan og brukar 150-200 millionar på nybygg. Kommunedirektøren avviser påstandane. Eit viktig moment i rapportane som er lagt fram er ambisjonsnivå for skulane, manglande vedlikehald og eignaheit for undervisning. Knutsen etterlyser meir informasjon knytt til Florø barneskole. Det er arbeid vidare med ytterlegare detaljering av Florø barneskole gjennom ei moglegheitsstudie som skal leggst fram til politisk orientering i haust. Gjennom denne moglegheitstudien har ein avdekkat at kvaliteten på OSE-rapporten er tilfredsstillande og god. Det vert vist til eit døme der ein kunne oppgradert Florø barneskole og Krokan barneskule innanfor eksisterande bygg med ein kapasitet på 350 og 250 elevar. Knutsen påstår at det kunne verte lågare kostnader ved dette alternativet. Kommunen i samarbeid med Norconsult har utarbeidd ein forstudie/moglegheitsstudie ved Florø barneskole tilpassa eit elevtal på 600 elevar og Krokane skule tilpassa 1,5 parallell som er kapasiteten i dag. Dette har vert lagt fram til politisk orientering. Det er arbeid vidare med ytterlegare detaljering av Florø barneskole gjennom ei moglegheitsstudie som skal leggst fram til politisk orientering i haust. Kommunedirektøren har utgreidd eit alternativ der elevane vert fordelt på skulane og dette kjem dårlegare ut økonomisk enn det tilrådde alternativet. Knutsen hadde forventa ei betre utgreiing om etterbruk. Knutsen ser ikkje interesse for skulebygga eller tomtane og påstår at ein må halde fram med å bruke pengar på bygga og tomtane i all overskueleg framtid. Kommunedirektøren viser til at det i kostnadsoverslaget er teke med kostnader til riving og etterbruk og det er stipulert ev. salsinntekter.

		mangelfull og nokon stader misvisande til å gi politikarane eit tydeleg og nokonlunde forutseieleg grunnlag for dei harde avgjerdene som må takast om skulestruktur i områdeplanen. Men det arbeidet som er gjort dei siste to åra med å forbetre den tilgjengelege informasjonen viser til fulle at ein ikkje kan ha tillit til korkje Kommunedirektøren eller Norconsult når det gjelder å utarbeide naudsynt grunnlagsmateriale. Eg trur at det difor kjem til å verte naudsynt for politikarane å setje seg ned med dette mangelfulle materialet og forhandle fram ei løysing på skulestruktur, nærast i blinde, og så instruere administrasjonen til å rekna fram kostnader og løyse utfordringar i etterkant. Det veldig kostbare alternativet som har blitt dytta fram, utan argument av substans, som det foretrakne av Kommunedirektøren og Norconsult er etter mi meining dyrare enn det trenger å vere, bakstreversk heller enn framtidsretta og øydeleggjande for samfunnsutviklinga i Sør-Kinn.	Knutsen konkluderer med at ein Florø barneskole med 350 elevar vil kunne frigjere areal til parkering eller parkområde og ein treng ikkje byggje gymsal. Kommunedirektøren har m.a. lagt rapportane frå Norconsult til grunn for utgreiingane og vurderingane av strukturalternativ. Dersom det politisk vert vedteke vidare utgreiingar vil kommunedirektøren forhalde seg til nye vedtak. Kommunedirektøren nyttar demografiprogram (Kompas) og utarbeider med data- og analyseverktøyet prognosar for aldersgrupper og for grunnkrinsane i kommunen. Framskrivingane blir vurdert og kvalitetssikr opp mot SSB prognosar. Vi ligg over folketalsprognosane frå SSB (middelalternativet som dei fleste kommunar nyttar). Frå 2021 til 2025 har ein hatt fleire gjennomgangar av skulebygga med ulike innfallsvinkel. Som ledd i kommuneplanen sin samfunnsdel, områdeplan og skulestruktur har også politiske utval peika på nye og andre innfallsvinklingar til utgreiing om skulestruktur. Skulestruktursaka vart på nytt fremja av Kultur og oppvekstutvalet i sak 24/015 etter at kommunestyret i 2023 ikkje vedtok endringar. Utvalet tok opp at saka og sette krav til kva som skulle greiast ut, også for skulebygg (sak 24/024). I sakene 24/040 og 24/042 godkjende samfunnsplan og temaplan med underliggjande dokument angående skulebygg for offentleg ettersyn. Arbeid med områdeplan starta opp som følge av kommunestyrevedtak 24/151. Det var gått gjennom opplegg for arbeidet med områdeplan i formannskapsmøte, utvalsmøte 25/003 og 25/020. I samband med desse analysen er det peika manglar som gjeld funksjonalitet og manglar ved som skulebygga. Manglande funksjonalitet gjev skulane mindre egna for undervisning med omsyn på fleksibilitet og tilpassing av undervisning til elevgruppene vi skal gje grunnskuleopplæring til. Tilsvarende vil manglande tekniske og bygningsmessig tilpassing gjere skulane ueigna over tid. Nye arbeidsmåtar i grunnskulen er meir arealkrevjande enn kva dagens skulebygg har utforming for. Kombinasjonen av manglande teknisk vedlikehald og manglande funksjonalitet ved fleire av bygg er ikkje berekraftig over tid.
28	1.28 May Linn Espeseth 28.08.25	Espeseth har hatt barn ved Torvmyrane skule og barnehage sidan 2014. Hovudpunkt: - Godt og inkluderande miljø ved Torvmyrane: - Ho opplever svært få alvorlege mobbesaker ved skulen. - Barna hennar har aldri rapportert om grov mobbing, berre vanleg småplaging. - Skulen og barnehagen er inkluderande og tilrettelagt, spesielt for barn med ekstra behov. - Fordel med samlokalisering av barnehage og skule: - Barna blir vande med ulikskapar frå tidleg alder. - Dette fremjar aksept og inkludering. - Tryggleik og meistring: - Skulen gir barna fridom og tryggleik gjennom tilgang til kjøkken, gymsal og fagleberget. - Faglebergsamlingar kvar fredag gir barna trening i å framføre og styrkar sjølvtilit og meistring. - Oppmoding til kommunen: - Espeseth ønskjer at kommunen undersøker kva dei ulike skulane får til, og lærer av kvarandre. - Ho meiner Torvmyrane har eit skulemiljø som fungerer godt og bør verdsetjast.	Merknaden vert teken til vitande. Espeseth framhevar godt og inkluderande nærmiljø ved Torvmyrane skule. Ho peikar vidare på fordelene med samlokalisering med barnehage og at skulen er ein trygg meistingsarena. Kommunen vert oppmoda om at skulane i Kinn lærer av kva andre skular får til.

		Trygge og gode elevar vil bli viktige ressursar for kommunen i framtida, spesielt med tanke på rekrutteringsutfordringar.	
29	1.29 Marianne Wiik Myklebust 31.08.25	Myklebust, busett i Botnaholten i Florø, uttrykkjer sterk motstand mot nedlegging av Torvmyrane skule. Ho har budd i området i 33 år og har tre barn som har gått i barnehagen og skulen på Torvmyrane. Hovudpunkt: - Torvmyrane som sosialt og praktisk knutepunkt: - Skulen og barnehagen har skapt vekst og samhald i området. - Det er ingen andre sosiale møteplassar i nærleiken – skulebygget er kjernen i fellesskapet. - Unik samlokalisering av barnehage og skule: - Barna blir kjende med tilsette og miljøet før skulestart, noko som gir tryggleik. - Praktisk for foreldre og reduserer trafikk. - Stabilt og engasjert personalmiljø: - Mange tilsette har jobba der sidan opninga i 1998 og trivst godt. - Fugleberget og bygget si rolle: - Brukt til samlingar, øvingar og sosiale arrangement – gir både læringsverdi og leigeinntekter. - Arkitektar har omtalt bygget som «veldig bra». - Kritikk av prosessen og alternative planar: - Kritisk til å legge ned eit av dei nyaste skulebygga. - Meiner det ikkje er behov for fleire leiligheter eller eldreboliger på Torvmyrane. - Foreslår heller å bruke tomta til Florø barneskole til parkeringshus eller eldreboliger nærare sentrum. - Alternativ løysing: - Foreslår å bygge ein ny og moderne skule på Havreneset som møter dagens krav og har lengre levetid. Konklusjon: Torvmyrane skule bør satsast på vidare, ikkje leggjast ned. Skulen er viktig for både barn, foreldre og lokalsamfunnet.	Mykjebust er imot å legge ned Torvmyrane skule. Skulebygget er kjernen i fellesskapet i området og det er ein unik samlokalisering av barnehage og skule. Skulen har eit stabilt og engasjert personalmiljø. Fugleberget og skulen er ein viktig møteplass med mange arrangement. Myklebust er kritisk til å legge ned et av dei to nyast skulebygga i Florø. I møta med Salt arkitekter er det foreslått leilegheiter og eldrebustader. Dette er det ikkje behov for. Myklebust tilrår å endre arealbruken for Florø barneskole til parkeringshus eller eldrebustader og bygge ny barneskule i Havreneset. det vert stilt spørsmål ved om 121 millionar kroner er nok til å ruste opp Florø barneskule og kor lang levetid bygget vil få ved denne oppgraderinga. Det vil krevje økonomiplanføresetjingar utover dagens rammer om vi skal fordele elvar på ein slik måte at vi både får fleire elevgrupper/klassar, større areal å vedlikehalde og større oppgraderingar enn i billigare alternativ. Så lenge vi har skular som kan oppgraderast er dette betre enn å bygge ein ny stor skule.

30	1.30 Foreldre og innbyggjarar på Torvmyrane v/Reidun Merethe Rasmussen og Elise Midtbø 31.08.25	Foreldra bur i Torvmyra, eit område i vekst med mange barnefamiliar. Dei uttrykkjer sterk motstand mot nedlegging av Torvmyrane skule. Hovudpunkt: 1. Levende og barnerikt nærmiljø: ▪ 20 barn i ei gate med 14 hus – mange går på Torvmyrane skule og barnehage. ▪ Botnaholten er attraktiv for familiar, med trygg skuleveg og låg fartssone (30 km/t). 2. Samlokalisering av skule og barnehage: ▪ Gir trygg og naturleg overgang for barna. ▪ Barna kjenner bygget, uteområdet og dei vaksne frå før. ▪ Foreldra har berre eitt leveringspunkt, noko som gir mindre stress og betre miljø. 3. Sterkt fellesskap og fellesaktivitetar: ▪ Felles arrangement som fuglebergsamling, Lucia-tog, juleforestilling og 17. mai. ▪ Elevane får ansvar og rollemodellar gjennom samarbeid med barnehagebarn. 4. Høg etterspurnad og vekst: ▪ Barnehagen har fleire søkjarar enn plassar kvart år. ▪ Torvmyrane har den største førsteklasse i kommunen (25 elevar). 5. Trygge og kompetente tilsette: ▪ Foreldra opplever dei tilsette som fagleg sterke, omsorgsfulle og engasjerte. ▪ Godt arbeidsmiljø og sterke kjerneverdier pregar kvardagen. 6. Konsekvensar ved nedlegging: ▪ Vil svekke nærmiljøet og redusere attraktiviteten for bustadkjøparar. ▪ Barna og familieane vil miste ein trygg og velfungerande arena. ▪ Barnehagen vil miste viktig pedagogisk samarbeid. Konklusjon: Torvmyrane skule er ein skule å satse på – ikkje å legge ned. Foreldra ber kommunen ta omsyn til dei langsiktige konsekvensane og lytte til innbyggjarane.	Merknaden vert teken til vitande. Foreldra uttrykkjer sterk motstand mot nedlegging og framhevar Torvmyrane som eit levande og barnerikt nærmiljø med ei god samlokalisering av barnehage og skule. Skuleanlegget har gitt Torvmyrane eit sterkt fellesskap og fellesaktivitetar. Barnehage har fleire søkarar enn plassar og Torvmyrane har den største førsteklasse. Skulen har trygge og kompetente lærarar. Ei nedlegging vil svekke nærmiljøet og redusere attraktiviteten.
31	1.31 Ungdommens kommunestyre 25.08.25	I sak 014/25 drøfta Ungdommens kommunestyre i Kinn Grunnlag for områdeplanlegging og skulestruktur. Dei var invitert til å vedta innspel, men det vart ikkje fremja vedtak. Saka vart lagt fram for drøfting i grupper, deretter kom medlemmane med innspel.	Innspela vert tekne med i det vidare arbeidet. Dersom det vert lagt ned ein skule må vi sikre inkluderande og fellesskap. På den nye skulen må elevane bli tatt godt imot, få eit godt klassemiljø og sosialt fellesskap. Vi må sikre at skulevegen er trygg og at elevane blir kjent og vant med den.

		Kva skal til for å lære mest mogleg på skulen: ▪ Viktig å trivest for å kunne lære. Det bør vere tilrettelagt for å gjere ting praktisk og variert og saman med andre. ▪ Gode lærarar som er engasjert. Godt miljø i klasserommet, også fysisk med god luft, lys m.m. Det er enklare å få god dialog i klasserommet når ein er fleire i klassene. ▪ Godt klassemiljø, at alle har det godt på skulen. ▪ Gode og kompetente lærarar. Kva skal til for at du skal trivast på skulen: ▪ Lærarar og elevar må ta seg tid til å investere i godt miljø i starten av året. T.d. sosiale dagar og aktivitetar i og utanfor klasserommet. ▪ Mangfald i skulegarden, at skulen har råd til å ha aktivitetar, arrangement, trivselsleiarar. ▪ Godt klassemiljø og trygge lærarar. ▪ Godt klassemiljø får ein ved aktivitetar i lag, med strukturerte og trygge lærarar, noko som tryggar elevane. ▪ Det er viktig med mangfald. At elevane har mange å vere saman med og kan velje vennane sine. Må vere attraktivt å vere lærar. Ein må prioritere i kommuneøkonomien. Viss ein skulle skifte skule, kva er viktig: ▪ Inkluderande fellesskap både i klassa og på trinnet. Alle skal vere inkludert og trygge. ▪ Ein må bli tatt godt imot, ha godt klassemiljø og sosialt fellesskap. ▪ Skulevegen må vere trygg og ein må bli vant og kjent med den.	
	1.32 Innspel frå elevrådet ved Krokane skule 25.09.25	Elevrådet meiner at Krokane skule ikkje må bli lagt ned fordi det er ein bra og trygg skule. Dersom elevane skal sykle/ta buss til barneskulen er det eit utrygg skuleveg. Foreldra skal tidleg på jobb og kan ikkje alltid køyre dei. Området rundt Krokane skule er ein fin stad å møtast etter skuletid. Her er det mykje elevar etter skuletid/kveldstid der alle kjenner alle. Det er mykje folk som bur i nærmiljøet rundt skulen. Der er mykje fin natur i nærområde i kort avstand til skulen. Skulen er passe stor. Det er barnehage for 6-åringane i kjellaren. 6-åringane er godt kjent med skulen før dei skal starte i 1.klasse. Florø barneskule er ein gammal skule. Den treng mykje reparasjonar som kostar mykje pengar. Elevane på Torvmyrane skule kan gå på Krokane skule og Brandsøy skule	Merknaden vert teken til vitande. Det er viktig at det ved overgang til ein annan skule vert ein trygg skuleveg, det er noko som må jobbast med. Området kring Krokane skule er eit fint område å møtast på og funksjonen må sikrast ved ein eventuell nedlegging av skulen. Alle barn skal sikrast ein god overgang til skule anten barnehagen er samlokalisert med skulen, barnehagen ligg i nærleiken av skulen eller barnehagen er i ligg avstand frå skulen. Florø barneskule treng oppgradering uavhengig av skulestruktur. Alternativ med nedlegging av Torvmyrane skule er utgreidd.